

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 15.02.2007
Sakhandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Styringsdokument 2007 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS**

Arkivsak

2007/90/

Styresak 021/07 B

Styremøte 27.02. 2007

Bakgrunn:

Gjennom styringsdokumenta vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2007. Styringsdokumenta skal klargjere dei premisser og rammer som gjeld for verksemda og inneholder resultatkrava som blir stilt til helseføretaka.

Det er likevel ikkje slik at dei samla krav til helseføretaka går fram av styringsdokumenta. Dokumenta utfyller og konkretiserer ei rekke oppgåver som skal vektleggjast og prioriterast. Desse oppgåvene må ein sjå i samanheng med dei mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta som går fram av lov og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementet sitt oppdragsdokument for 2007 til Helse Vest RHF og styringskrav frå eigar formidla i føretaksmøtet i Helse Vest RHF.

I statsbudsjettet for 2007 har regjeringa lagt fram ein nasjonal helseplan. Denne planen gir ein heilskapleg omtale av dei ulike innsatsområda i helsepolitikken, understrekar kor viktig det er at ein ser dei i samanheng, peikar på sentrale utfordringar og trekkjer opp strategiar og tiltak for at utfordringane skal bli møtt på ein heilskapleg måte. Helse Vest RHF har i styringsdokumenta lagt til grunn at helseføretaka gjer seg kjend med Nasjonal helseplan og dei øvrige dokumenta nemnd ovanfor, og at dei lar desse vere ei referanseramme for arbeidet i 2007.

I dokumenta blir ikkje bestemte organisatoriske krav og føringer frå tidligare år gjenteke med mindre det frå ein eigarståstad framleis er nødvendig å ha ein særskild fokus på kravet eller føringsa. Eldre krav og føringer vil likevel framleis gjelde dersom ikkje noko anna er uttrykkeleg uttala.

Kommentarar:

I styringsdokumenta blir det og stilt krav til korleis helseføretaka gjennom rapportering og årleg melding skal gjere greie for korleis styringsdokumenta og dei krav som her blir stilt, har blitt følgd opp eller blir planlagd følgd opp. Heilskapleg rapportering skal skje i eigarlinja.

Styringsdokumenta til Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har ein felles oppbygging. Innhaltsmessig er dei helsefaglege styringskrava noko differensiert. Tilsvarande gjeld pkt 3 og 4 om ressursgrunnlaget og dei økonomiske krav og rammevilkår.

Styringsdokumenta til Apoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS følgjer i hovudtrekk same oppbygging som dei andre styringsdokumenta, men er korta ned og tilpassa at desse har eit særskilt og avgrensa ansvar.

I styringsdialogen for 2007 vil Helse Vest RHF legge opp til ein tettare og meir detaljert styring og oppfølging samanlikna med tidlegare år. Denne dreilinga skuldast at helseføretaka samla sett ikkje har levert i samsvar med dei resultatkrav som har vore sett dei føregåande år. I tillegg ønskjer Helse Vest RHF ei utvikling med auka satsing på fellesløysingar.

Sentrale element i styringa for 2007 vil vere tydelege krav til resultat, krav om tydeleg formell struktur og fortsett satsing på internkontroll. Helse Vest legg vidare stor vekt på felles utviklingsarbeid innanfor sentrale område og at helseføretaksgruppa held eit høgt fokus på overordna leiarskap, etikk og sikring av heilskapsperspektivet.

Det vil bli halde oppfølgingsmøte mellom styreleiarar og administrerande direktør i Helse Vest RHF og helseføretaka kvar månad i 2007. Møta skal skje etter ein førebudd agenda og ha eit operativt fokus.

Helse Vest RHF vil kvart tertial i 2007 gjennomføre avgrensa revisjonar i forhold til det resultatkrav som er sett.

I styringsdokumenta pkt 4.4 er helseføretaka bedt om å sende søknad om lån til enkeltståande investeringsprosjekt innan 27. februar 2007. Fristen er sett med bakgrunn i at føretaksmøte for Helse Vest RHF har gjeve Helse Vest RHF frist til 1. mars 2007 med å sende tilsvarende søknad til Helse- og omsorgsdepartementet. Fristen er kommunisert til helseføretaka i eige skriv. Helse Vest RHF vil også sende brev til Helse- og omsorgsdepartementet med førespurnad om utsett frist.

Til styringsdokumenta til Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF er det utarbeidd fem vedlegg, jf. vedlegg 7 – 11 nedanfor. Til styringsdokumentet til Apoteka Vest HF er det to vedlegg (vedlegg 11 og 12 nedanfor), medan det til styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS er eit vedlegg, jf. vedlegg 13.

Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokument for 2007 til Helse Førde HF i samsvar med forslaget datert 15.02.07.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokument for 2007 til Helse Bergen HF i samsvar med forslaget datert 15.02.07.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokument for 2007 til Helse Fonna HF i samsvar med forslaget datert 15.02.07.
4. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokument for 2007 til Helse Stavanger HF i samsvar med forslaget datert 15.02.07.
5. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokument for 2007 til Apoteka Vest HF i samsvar med forslaget datert 15.02.07.
6. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokument for 2007 til Helse Vest IKT AS i samsvar med forslaget datert 15.02.07.

Vedlegg:

1. Styringsdokument 2007 Helse Førde HF (utkast 15.02.07)
2. Styringsdokument 2007 Helse Bergen HF (utkast 15.02.07)
3. Styringsdokument 2007 Helse Fonna HF (utkast 15.02.07)
4. Styringsdokument 2007 Helse Stavanger HF (utkast 15.02.07)
5. Styringsdokument 2007 Apoteka Vest HF (utkast 15.02.07)
6. Styringsdokument 2007 Helse Vest IKT AS (utkast 15.02.07)
7. Oversikt over indikatorar – helsefaglege styringskrav (Vedlegg 1 til Førde, Bergen, Fonna og Stavanger)
8. Rapportering tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelmisbruk (Vedlegg 2 til Førde, Bergen, Fonna og Stavanger)
9. Verksemderapport sjukehusføretaka (Vedlegg 3 til Førde, Bergen, Fonna og Stavanger)
10. Oversikt over grenseverdiar (Vedlegg 4 til Førde, Bergen, Fonna og Stavanger)
11. Prosjektorversikt (Vedlegg 5 til Førde, Bergen, Fonna og Stavanger og vedlegg 2 til Apoteka Vest)
12. Verksemderapport Apoteka Vest HF (Vedlegg 1 til Apoteka Vest)
13. Verksemderapport Helse Vest IKT AS (Vedlegg 1 til Helse Vest IKT)